

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser temaet ved å sjå på bildet av alle dei ulike familiene og snakk litt saman om familiemangfaldet bildet viser. Det finnst mange fleire typar familiar også. Sjå eventuelt 13 ulike familier - Livet og sånn frå barnehagedelen, for historier om dei 13 familiene. Kanskje er det noko herfra de vil tilpasse og bruke?
	Sjå første del av Familie og følelser - YouTube Sjå den fram til 1:50, der det går over til at familiar ikkje alltid har det bra. Introduser den og sei at de skal sjå starten på ein film om familie. Lenka under filmen kan brukast for å sjå filmen utan musikk.
	Kven kan familiar vere samansett av? Kor mange trengs for å vere ein familie?
	Nokon har to familiar. Kven er i familie her på dette bildet skal tru?
	Er alle i familien like? Korleis kan vi vere ulike innad i familien? Vi treng ikkje vere like for å like kvarandre!
Teikn familien din! La elevane teikne på ark eller i bøker. Dei kan sjølv velje kor stor familie dei vil teikne, om dei vil ha med dyr, eller besteforeldre eller andre. «Teikn dei du synes er din familie.» Unngå å korrigere dei eller påpeike eller spørre om det er nokon dei ikkje tek med. Spør eventuelt seinare om det er noko som undrar deg «Eg la merke til at du ikkje tok med ... når du teikna familien din. Vil du fortelje meg kvifor ... ikkje fekk vere med på teikninga?» La elevane gjerne få presentere teikningane til kvarandre, og fortelje kven som er med i familien sin.	
	Gjer ei lita frosketidøving Puste i dyrestillinger - YouTube
	Om de vil kan de sjå denne filmen for å lære om korleis ein familie blir til: #lykkeligvitende om kroppen: Hvor kommer babyene fra? - YouTube
	Ein ny familie kan også bli til ved at to foreldre med kvar sine barn flyttar saman, slik at ein får nye søsken å bu saman med. Denne videoen handlar om det Musikkvideo: Vårt sted - Søskensjokk - NRK Super - YouTube
Meir på neste side.	

No har vi sett på ulike familiar kan vere. Her kjem ein leik som viser at familiarne dykkar har masse til felles også. Alle elevane sit på plassane sine, men reiser seg opp når lærar les ein påstand som passar for nokon i deira familie:

«Reis deg opp viss nokon i din familie»: ... (det kan vere deg eller nokon andre).

- ... likar å tulle og tøyse.
- ... ler veldig høgt.
- ... søler litt når dei et.
- ... gløymer kvar dei la tinga sine.
- ... av og til forsøvt seg.
- ... dansar når det kjem musikk.
- ... liker å bake.
- ... likar sterk mat.
- ... drikk masse kaffi
- ... ryddar heile tida.
- ... liker å slappe av i sofaen.
- ... elsker å gå i pysj lenge i helgene.
- ... ser mykje på sport.
- ... samlar på noko.
- ... er veldig glad i dyr.
- ... går veldig fort.
- ... går veldig sakte.
- ... liker å vere ute i naturen.
- ... liker best å vere inne.
- ... alltid har med seg noko å drikke.
- ... snakkar mykje.
- ... er meir stille.
- ... er flinke til å hjelpe andre.
- ... gjer ting du synes er rart.
- ... masar på deg.
- ... er yngre enn deg.
- ... er eldre enn deg.



Når familien ikkje har det bra.

Sjå resten av filmen, men berre om de har minimum 20 minutt att av timen, og elevane ikkje skal rett heim etterpå. Sjå den eventuelt vidare ein annan time:

<https://youtu.be/ZUMk8CtsRjk?t=109>

Alternativt kan de berre bruke bilda og du formidlar innhaldet:



Det er fint når alle har det bra i familien og det er hyggeleg å vere i lag.



Men det er ikkje alltid slik, nokon gongar er det dårleg stemning og ikkje hyggeleg.



Nokon har foreldre som drikk for mykje alkohol, slik at dei forandrar seg og det blir utrygt. Det kan vere vanskeleg for barn.



Nokon har foreldre som er sjuke, eller har mange vonde og vanskelege tankar og følelsar. Då kan det også bli vanskeleg å vere barn.

	Og nokon har foreldre som kranglar veldig mykje. Det å diskutere litt og vere ueinige er heilt normalt, men mykje krangling kan opplevast skummelt for barn.
	Det er også nokre foreldre som gjer ting mot barn som er vondt eller ekkelt. Som slår eller kniper, eller gjer andre ting som gir barnet vonde og vanskelege følelsar. Når barn opplever sånne ting er det viktig å fortelje det til andre vaksne som kan hjelpe.
	Ikkje sånn til heile klassa, men til læraren, eller til helsesjukepleiar, eller andre vaksne som ein stoler på. For da kan barnet få hjelp, -
	Og familien kan få hjelp til å ha det bra saman!
Dette likar eg med min familie! Kva i din familie gjer deg glad, - kva likar du godt? Er det noko de gjer saman? Er det nokon spesielle i familien eleven vil skrive/teikne noko om? Er det gode minner? Gode rutine? La elevane få teikne, skrive og eventuelt vise/fortelje	
Lære engelske ord for familie Sjå nokon av desse og finn enkle engelske ord om familie som elevane kan lære: • My Family Family Songs for Kids Preschool Songs JunyTony - YouTube stopp før bursdagssong • The People In My Family Mother Father Sister Brother and more! Super Simple Songs	
Bli med heim? Serien Bli med heim på NRK Super er god for å vise kor ulike familiar som finnast. Finn gjerne ein eller fleire episodar som er relevante for elevane i di klasse. Eller sjå berre musikkvideoen: Bli med heim-songen - NRK Super 2018 - YouTube	